

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 27.3.2014
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: Økonomisjef Ola Rye
Saka gjeld: **Økonomirutinar , internkontroll og fullmaktstruktur**

Styresak 20/14 (O)

Styremøte 03.04.2014

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til etterretning.

Oppsummering

Styret i Sjukehusapoteka Vest hadde i overgangen 2010 til 2011 fokus på Sjukehusapoteka Vest sitt behov for å utvikle økonomihandbok og utarbeide tydelege økonomirutinar internkontroll og fullmaktstruktur i Sjukehusapoteka Vest. Det var lagt frem 2 styresaker rundt dette temaet i 2011 (Sak 04/11 og Sak 36/11), men med bakgrunn i at det parallelt med disse blei det satt i gang arbeid med utarbeiding av felles økonomihandbok i Helse Vest, blei det avgjort at saken skulle koordinerast med dette arbeidet. Sida det har difor saka stått på oversikten over styresaker til oppfølging. Felles økonomihandbok for Helse vest er nå ferdigstilt, og det enkelte føretak skal nå arbeide med å beskrive inn i denne dei lokale økonomirutinar, internkontroll og fullmaktstruktur. I det etterføljande beskriv Sjukehusapoteka Vest korleis det arbeidast med dette, og saka er slettet i oversikt over styresakar til oppfølging.

Økonomifunksjon i SAV er organisert med ressursar i FAD og i apoteka med i alt ca. 9 årsverk. I tillegg leiger SAV inn tenester innan rekneskap, til å fakturere og til lønn frå Lønns og regnskapssenteret (LRS). Økonomiavdelinga i FAD har fått betra kompetanse og kapasitet siste to åra. Dette har gjort det mogeleg å gjennomføre tiltak som har betra økonomistyringa og redusert risiko i økonomiforvaltninga. Det føregår og arbeid med fleire tiltak som ein ventar skal auke effektivitet og redusere risiko ytterligare. Dette er spesielt knytt til nye system som gjer det mogeleg å redusere manuelle oppgåver og redusere tal steg og personar i prosessane. Dette vil og gjere det nødvendig å sjå på organisering av arbeidsoppgåvene.

Betra kapasitet og kompetasne har gjort økonomiavdelinga i FAD i stand til å bidra inn mot utviklingsprosjekt i Helse Vest. Dette er oppgåver som er aukande (ref. LIBRA programmet) og som vil krevje god kompetanse og kapasitet i økonomiavdelinga i åra som kjem.

Fullmaktstruktur i SAV følger stilling og funksjon. Dagens fullmaktmatrise er vedlagt. Det er behov for å gjennomgå denne både med omsyn til om alle funksjonar er dekkja og beløpsgrenser. Arbeidet vert gjort som ein del av arbeidet med SAV Styringssystem.

Dokumentasjon av økonomiprosessar, rutinar og kontrollar ligg i dag i ulike format og system. Arbeidet med å samle og vidareutvikle dokumentasjon vert lagt inn i prosjekt for SAV Styringssystem. Grensesnitt mot Helse Vest Økonomihandbok må avklarast og et notat til Helse Vest om dette er vedlagt.

Fakta


Bakgrunn

Styret i Sjukehusapoteka Vest hadde i overgangen 2010 til 2011 fokus på Sjukehusapoteka Vest sitt behov for å utvikle økonomihandbok og utarbeide tydelege økonomirutinar internkontroll og fullmaktstruktur i Sjukehusapoteka Vest. Det var lagt frem 2 styresaker rundt dette temaet i 2011 (Sak 04/11 og Sak 36/11), men med bakgrunn i at det parallelt med disse blei det satt i gang arbeid med utarbeiding av felles økonomihandbok i Helse Vest, blei det avgjort at saken skulle koordinerast med dette arbeidet. Sida det har difor saka stått på oversikten over styresaker til oppfølging. Felles økonomihandbok for Helse vest er nå ferdigstilt, og det enkelte føretak skal nå arbeide med å beskrive inn i denne dei lokale økonomirutinar, internkontroll og fullmaktstruktur. I det etterføljande beskriv Sjukehusapoteka Vest korleis det arbeidast med dette, og saka er slettet i oversikt over styresakar til oppfølging.

Organisering og ansvarsområder for økonomifunksjon


Økonomifunksjon i SAV er delt i 6 geografiske lokasjonar. Økonomiavdelinga i FAD har per mars 2014 5,5 årsverk, i apoteka er det i alt administrasjonsressursar med økonomioppgåver med ca. 3,5 årsverk (SIB 2,0, SIF 0,5, SIS 0,5 og SIH 0,5). SAV kjøper i

tillegg rekneskap, fakturering og lønnstenester frå Lønns- og regnskapssenteret i Helse Vest (LRS) lokalisert i Stavanger.



Figur 1 – Organisering av Økonomifunksjon i SAV

Økonomifunksjon i SAV har ansvar for desse fagområda:



Figur 2 – Ansvarsområder økonomifunksjon i SAV

Målsetinga innan økonomifunksjonen er å sikre ein tilfredsstillande økonomisk styring og forvaltning, effektiv organisering og gjennomføring av økonomiprosessen, samt bidra til god forretningsforståing hjå verksemda sine leiarar og medarbeidarar.

Målsetninga og ansvarsområda tilseier økonomisk styring og rapportering innanfor eit bredt kontrollspenn. Dette set krav til medarbeidarar med økonomioppgåver, men gjer og økonomifunksjon avhengig av at linjeleiarar fyljer opp sin del av ansvaret.

SAV har dei siste to åra betra kompetansen og kapasiteten innan fleire av ansvarsområda. Eksempel på dette er tilsetjing av ny IKT- og teknologileiar i 2011, ny innkjøps- og logistikkleiar og ny økonomsjef i 2012, og oppretting av ny stilling som business-controller i 2013. Det er og tilsett ny administrasjonssmedarbeidar i Stavanger i 2012.

Endringane har gjort det mogelege å ha auka fokus på tiltak og handlingsplanar for dei ulike ansvarsområda, samt ta i bruk nye rutinar og system. Eksempel på dette er nytt system (SIM) og rutinar for økonomisk planarbeid som årsbudsjett, langtidsbudsjett og prognose, nye rapporteringsløysingar der ein har gått frå manuell rapportering i Excel til bruk av Helse Vest sin styringsportal og kubeteknologi. Ein har og teke i bruk styringsinformasjon (volum og verdi) frå sal- og logistikkssystemet FarmaPro gjennom det nasjonale samarbeidet om legemiddelstatistikk i sjukehus (SLS - apotekkuba).

Innan IKT-området er fokus auka på å utvikle ei god forvaltning av dei viktigaste systema for drift av apotek (kjernesystem) gjennom nye handlingsplanar for teknologi og IKT.

Vidare har ein gjennom ny innkjøps- og logistikkleder fått løfta fram innkjøp som eit tydligare fagområde i SAV med eigen handlingsplan for innkjøp samtidig som ein arbeider med å synleggjere tydligare logistikkfaget og betydninga av dette fagområdet konkurransekraft og for utvikling av drifta.

Tiltak innan økonomistyring og intern kontroll

Oppgåvene innan økonomiområdet er per i dag fordelt mellom FAD , Apotek og LRS. Det er behov for å gå gjennom oppgåvefordelinga både ut frå at det vert etablert nye systemløyningar. Tabellen nedanfor viser grovt dagens arbeidsfordeling.

FAD	Apotek	LRS
<ul style="list-style-type: none"> • Controlling regneskap • Controlling verksemda • Driftsrapportering • Årsregneskap • Utviklingsarbeid • Dokumentasjon (rutinar og system) • Handlingsplanar • Analysearbeid • Systemeigarskap/ansvar 	<ul style="list-style-type: none"> • Fakturaplan/grunnlag • Fakturering • Godkjenning av inngående faktura • Periodisering (innt. og kostnad, ADI-bilag) • Varelager • Budsjett/Prognose • Driftsrapportering 	<ul style="list-style-type: none"> • Regneskap (fram til saldobalanse) • Lønnsarbeid (lønnskontor) • Fakturering (ved hjelp av Visma) • (Systemansvar)

Tabell 1 – Grov arbeidsfordeling FAD, Apotek og LRS

God oppgåvefordeling og klare grensesnitt mellom dei ulke aktørane er heilt avgjerande for god intern kontroll. Det vert arbeidd med fleire tiltak som skal auke effektiviteten og redusere risiko i økonomistyring. Nedanfor er lista nokre viktige tiltak som er i arbeid:

Tiltak	Forventa nytte
Nytt grensesnitt FarmaPro og regneskapssystem, her under sentralisere fakturerings-rutinar.	Redusert tal manuelle oppgåver, lågare risiko for feil/manglar, meir effektiv fakturerings-prosess ved færre steg og personar er involvert i arbeidet.
Nytt logistikksystem (Castor) og nye rutinar for vareflyt, her under nye vareteljingsrutinar (samordning i SAV)	Sikker kontroll på vareflyt i nye system, tydligare samanheng mellom bokført varelager og vareteljing. Redusert risiko for feil/manglar.
Oppdatere ansvarsmatrise FAD, Apotek , LRS med tydeleggjering av oppgåver, ansvar for system og leveranse innan regneskap, fakturering og lønnsarbeid.	Betre samhandling, mindre tidsbruk på oppfølging og lågare risiko for feil/manglar.
Innføring av timeføring i GAT som grunnlag for intern ressursstyring, fakturering og rapportering /kommunikasjon med kundar	Betre ressursstyring, betra grunnlag for prissetting, utvikle betre intern forståing i SAV for skilje mellom varesal og sal av tenester.
Gjennom handlingsplan for IKT re-definere systemforvaltning og tydeliggjøre systemeigarskap og systemansvar i SAV.	Redusert risiko og betre oppfølging av kvar applikasjon, tydeleggjere ansvar og redusere tid brukt på oppfølging.
Utvide funksjon for kjedekontor til å dekke oppfølging av alle kjernesystem i apotekdrift, her under sentralisere vedlikehald faste data, analyse og rapporter til kjedekontoret.	Auke fokus på kjernesystem, redusere risiko ved innføring av ny teknologi i apotekdrifta, redusere tidsbruk på systemoppfølging i apoteka.
Innføre nytt innkjøpssystem (Visma) for andre innkjøp enn varer for vidaresal.	Betre bestillings- og kontrollrutinar, inkl. betre etterlevelse av avtaler, redusert tidsforbruk på bestilling og godkjenning av inng. faktura.
Gå gjennom og dokumentere prosessar og rutinar (SAV Styringssystem) her under sikre god integrasjon mot Helse Vest Økonomihandbok (ref. vedlagt notat til Helse Vest).	Tydeleggjere krav til utføring av kontroller i prosessane som reduserer risiko for feil eller manglar i styringsinformasjon og finansiell rapportering. Dokumentasjon for opplæring av nye brukarar. Sikre konsistent gjennomføring av prosessar.

I det litt lenger bilde vil SAV delta på utviklingsarbeid innanfor LIBRA programmet som er helt i starten i Helse Vest konsernet. Utviklingsarbeidet er både nødvendig, tidkrevjande og lærerikt, og set utvida krav til kapasitet og kompetanse i økonomifunksjonen.

Fullmaktsstruktur i SAV

Fullmakter i SAV er i hovudsak definert etter stilling og funksjonar (oppgåver) konkretisert med mellom anna øvre beløpsgrenser for ulike type transaksjonar. Gjeldande fullmaktsmatrise for SAV er vedlagt. Fullmaktsmatrisa skal reviderast som ein del av oppgåvene ved utforming av SAV Styringssystem. Det er mellom anna behov for å sjå på beløpsgrenser og om alle nødvendige funksjonar er dekkja. System for godkjenning av faktura (Visma) er per i dag avstemt mot gjeldande fullmaktsmatrise.

Dokumentasjon av prosessar, rutinar og intern kontroll,

SAV har ulike format og system for dokumentasjon (arkiv) av føretaket sine prosessar, rutinar og kontrollar. Noko er dokumentert (lagra) som rutinar på felles server, noko i personalhandbok (Compendia) og noko i kontrakts-system (Contiki). Vidare bygger Økonomiforvaltninga i SAV på felles etiske retningslinjer i Helse Vest og på prosessar og rutinar slik desse er definerte i Helse Vest Økonomihandbok.

Det er intensjon at Helse Vest Økonomihandbok skal dekkje prosessar for både konsern og kvart føretak innan økonomi, innkjøp og logistikk. Føretaka i Helse Vest deltek i arbeidet med å utarbeide lokale prosessar for sitt eige føretak då dette ikkje er dekkja i Økonomihandboka i dag.

SAV står framfor eit arbeid med å etablere SAV Styringssystem (vidareføring av dagens kvalitetssystem (KVASS)). SAV Styringssystem vil inkludere alle styringsområda i SAV inkludert ansvarsområda innan økonomi. Ein viktig del av arbeidet vert difor å avklare grensesnittet mellom SAV Styringssystem og Helse Vest Økonomihandbok, sjå vedlagte notat til Helse Vest om forholdet.

Konklusjon

Vidare arbeid med prosessar, rutinar og kontrollar innan økonomiområda vil skje i tett samarbeid med Helse Vest, og inngå i plan for utvikling av SAV styringssystem.

Vedlegg

Vedlegg 1: Notat SAV styringssystem og grensesnitt mot Helse Vest Økonomihandbok.

Vedlegg 2: Fullmaktsmatrise SAV